



# Innst. O. nr. 97

(2006-2007)

## Innstilling til Odelstinget fra familie- og kulturkomiteen

Ot.prp. nr. 50 (2006-2007)

### Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

Til Odelstinget

#### 1. SAMMENDRAG

##### 1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I Soria Moria-erklæringa heiter det at Regjeringa vil innføra ei enkel, generell lov som skal gje uttrykk for det ansvaret offentlege styresmakter har på kulturfeltet.

Framlegget om å innføra ei kulturlov går inn som eitt av fleire tiltak som Regjeringa har formulert i Kulturløftet. Målet er å styrkja kulturverksemd som samfunns- og politikkområde. Det eksisterer i dag ei rekkje lover som regulerer ulike delar av kulturområdet. Til skilnad frå desse er dette lovframlegget meint å vera ei generell lov, som understrekar det ansvaret offentlege styresmakter har for kulturverksemd.

Føremålet med ei slik generell kulturlov er å gje kultursektoren større tyngd og klårare status som offentleg ansvarsområde. Lova skal framheva det ansvaret offentlege styresmakter har for å leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

Det er lagt til grunn at lova skal vera enkel utan detaljerte føringar for løyvingsnivå, prioriteringar eller organisering av kulturområdet i staten, fylkeskommunar og kommunar.

Lovframlegget tek omsyn til at utforming og gjennomføring av kulturpolitikken ikkje berre handlar om tilhøvet mellom stat, fylkeskommune, kommune og kulturlivet. Med aukande grad av globalisering vert utforming og gjennomføring av kulturpoli-

tikken utfordra av internasjonalt avtaleverk som EØS og WTO. Lovframlegget kan også sjåast på som ei oppfølging av UNESCO-konvensjonen frå 2005 om å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk. Eitt av hovudmåla med konvensjonen er å sikra den retten enkeltland har til å utforma og gjennomføra ein aktiv kultur- og mediepolitikk for å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk.

Då den omfattande høyringsrunden for lovutkast og høyringsnotat var avslutta 1. februar 2007, hadde over 160 instansar kome med synspunkt på kulturlova. Det er så godt som samstemt tilslutnad til dei prinsippa som ligg til grunn for lovteksten. Fylkeskommunar og kommunar er nøgde med at lova er enkel og generell, og at ho gjev handlingsrom og fleksibilitet for å utforma og gjennomføra ein kulturpolitikk som er tufta på regionale og lokale føresetnader.

Mange institusjonar og organisasjonar meiner at lova ikkje går langt nok når det gjeld å gje konkrete føringar og pålegg om å følgja opp intensjonen i lova med økonomiske og andre ressursar. Her viser departementet til at føremålet med lova er å slå fast det ansvaret offentlege styresmakter har for kulturverksemd. Løyvingsnivå og organisatoriske løysingar skal derimot vera gjenstand for politiske vurderingar og prioriteringar.

§ 1 i lova inneheld føremålet, som er å stadfesta det ansvaret offentlege styresmakter har for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd. § 2 inneheld definisjonar av kva som kjem inn under omgrepet "kulturverksemd". §§ 3 og 4 konkretiserer at staten og høvesvis fylkeskommunar og kommunar skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for variert kulturverksemd. I § 5 vert det lista opp felles oppgåver for stat, fylkeskommunar og kommunar, og § 6 slår fast

at Kongen bestemmer når kulturlova skal ta til å gjel-  
da.

Ettersom det er tale om ei enkel lov utan detaljer-  
te føringar for løyvningsnivå eller organisering, vil  
kulturlova ikkje ha direkte økonomiske eller admin-  
istrative konsekvensar. Føremålet er likevel at kul-  
tursektoren skal styrkjast.

I diskusjonane om ei generell kulturlov har òg  
spørsmålet om grunnlovsfesting av kulturomsyn  
kome opp. Spørsmålet er særleg relevant i høve til dei  
internasjonale utfordringane. I denne omgangen gjev  
departementet berre ei generell vurdering av spørs-  
målet, m.a. tufta på dei synspunkta som har kome til  
uttrykk i høyringsrunden. Oppfølging av spørsmålet  
om eventuell grunnlovsfesting skal gjerast seinare.

## 1.2 Bakgrunn for lovframlegget

### 1.2.1 Innleiing

Regjeringa har ein visjon om at Noreg skal vera  
ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kulturdi-  
mensionen i alle delar av samfunnslivet. Kunst og an-  
dre kulturuttrykk har stor verdi i seg sjølve. Ei mål-  
retta satsing på kultur har samstundes stor innverk-  
nad på andre samfunnsområde som næringsutvikling  
og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse,  
læring og kreativitet. Regjeringa vil med Kulturløftet  
styrkja kulturfeltet med tanke på å heva den statusen  
kulturverksemd har som samfunns- og politikkområde.  
Målet er at 1 pst. av statsbudsjettet skal gå til kul-  
turføremål innan 2014.

Framlegget om å innføra ei kulturlov går inn som  
eitt av fleire tiltak i Kulturløftet for å styrkja kultur-  
verksemd som samfunns- og politikkområde. Det ek-  
sisterer i dag ei rekkje lover som regulerer ulike delar  
av kulturområdet. Til skilnad frå desse er dette lov-  
framlegget meint å vera ei generell lov, som under-  
strekar ansvaret offentlege styresmakter har for kul-  
turverksemd.

Føremålet med ei slik generell kulturlov er å gje  
kultursektoren større tyngd og klårare status som of-  
fentleg ansvarsområde. Lova skal framheva det an-  
svaret offentlege styresmakter har for å leggja til rette  
for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle  
kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva  
eit mangfald av kulturuttrykk.

Det er lagt til grunn at lova skal vera enkel utan  
detaljerte føringar for løyvningsnivå, prioriteringar el-  
ler organisering av kulturområdet i staten, fylkes-  
kommunar og kommunar.

Når den varsla regionreforma er endeleg fastlagd,  
jf. St.meld. nr. 12 (2006-2007), kan det verta nødven-  
dig å revurdere delar av lovgjevinga som vedkjem  
kulturfeltet.

Det finst fleire internasjonale konvensjonar som  
vedkjem kulturfeltet. FN-konvensjonen om økono-  
miske, sosiale og kulturelle rettar (1966) gjeld som

norsk rett. Artikkel 15 stadfester at alle har rett til å  
delta i kulturlivet. Ei generell kulturlov som slår fast  
det ansvaret offentlege styresmakter har for kultur-  
verksemd, kan dermed gje einskildindivid reelle  
høve til å delta i kulturverksemd.

### 1.2.2 Internasjonale utfordringar

Debatten om kulturlov har først og fremst handla  
om tilhøvet mellom stat, fylkeskommune, kommune  
og kulturlivet. Med aukande globalisering vert utfor-  
ming og gjennomføring av kulturpolitikk utfordra.

Etter departementets vurdering bør ei generell  
kulturlov òg ta omsyn til denne internasjonale dimen-  
sjonen og medverka til å sikra handlingsrom for ein  
nasjonal kulturpolitikk.

## 1.3 Grunnlovsfesting av kulturomsyn - ei førebels vurdering

### 1.3.1 Innleiing

I diskusjonane om ei generell kulturlov har òg  
spørsmålet om grunnlovsfesting av kulturomsyn  
kome opp. Spørsmålet er særleg relevant i høve til dei  
internasjonale utfordringane. I meldinga gjev depar-  
tementet ei generell vurdering av spørsmålet, m.a.  
tufta på dei synspunkta som har kome til uttrykk i  
høyringsrunden. Ei eventuell oppfølging av spørsmå-  
let med tanke på å skriva inn kulturomsyn i Grunnlo-  
va skal gjerast seinare.

I drøftingane om dette spørsmålet har det vore  
hevda at ei grunnlovsfesting vil kunna markera ver-  
dien av kulturdimensjonen i det norske samfunnet og  
dermed vera ein grunnleggjande premiss for den  
plassen kulturpolitikken skal ha i det norske velferds-  
samfunnet. Slik sett vil det å grunnlovsfesta kul-  
turomsyn vera ei klår og sterk viljesfråsegn.

### 1.3.2 Problemstillingar

I høyringsnotatet som ligg til grunn for framleg-  
get til kulturlov, vert det presentert ulike problemstil-  
lingar som må vurderast, dersom det skal utarbeidast  
ei grunnlovsending som gjeld kulturomsyn.

#### KULTURPOLITISK HANDLINGSROM I HØVE TIL INTERNASJONALT REGELVERK

I høyringsnotatet vert det m.a. vist til eit argu-  
ment om at grunnlovsfesting av kulturomsyn vil kun-  
na gje politisk og rettsleg styrke når slike spørsmål  
kjem opp til drøfting og vurdering innanfor t.d.  
WTO. Det vert også vist til at ei grunnlovsføresegn  
om kulturomsyn vil kunna vera eit argument til støtte  
for den generelle europeiske posisjonen som er i tråd  
med UNESCO-konvensjonen om kulturelt mang-  
fald. Å grunnlovsfesta kulturomsyn vil vera eit sterkt  
politisk signal, også internasjonalt, som oppfølging  
av denne konvensjonen.

## SPRÅKDIMENSJONEN I KULTURPOLITIKKEN

Grunnlovsfesting av språk- og andre kulturomsyn kan vera med på å styrkja grunnlaget for å utforma og gjennomføra tiltak for å verna, utvikla og fremja dei nasjonale språka.

## TILHØVET TIL ANDRE GRUNNLOVSFØRESEGNER

Eventuell grunnlovsfesting av kulturomsyn vil måtta vurderast opp mot eksisterande grunnlovsføreseger med kulturpolitisk relevans.

### 1.3.3 Vidare oppfølging

Departementet konstaterer at det er generell støtte til å gå vidare med ei utgreiing som meir detaljert og konkret vurderer eventuell grunnlovsfesting av kulturomsyn. På dette stadiet tek ikkje departementet stilling til dei konkrete grunnlovsformuleringane som somme av høyringsinstansane har sendt inn. Det vil verta ein naturleg del av den vidare prosessen.

Departementet vil koma attende til desse spørsmåla seinare.

## 1.4 Framlegg til kulturlov

### 1.4.1 Føremål med lova

Føremålet med ei generell kulturlov er å gje kultursektoren større tyngd og status som offentleg ansvarsområde. Lova skal markera tydeleg det ansvaret offentlege styresmakter har for å leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

Det er lagt til grunn at lova skal vera enkel og overordna utan detaljerte føringar for løyvningsnivå, prioriteringar eller organisering av kulturarbeidet i kommunar og fylkeskommunar. Ei lov som skulle fastsetja løyvningsnivå og/eller organisatoriske løysingar i kommunar og fylkeskommunar, ville i for høg grad ha gripe inn i det lokale sjølvstyret og verka i motsett retning av kommunelova, som generelt gjev kommunane monaleg fridom til sjølve å avgjera korleis dei skal organisera verksemda si. Nasjonale, kulturpolitiske fellesmål må avvegast mot kravet om kommunalt og fylkeskommunalt sjølvstyre.

I lovframlegget er det lagt vekt på at lovfesting ikkje må skapa firkanta rammevilkår som hindrar nødvendig tilpassing til lokale behov og kontinuerlege endringar i kultursektoren. Kulturpolitikken må heile tida kunna tilpassa seg ein sektor i rask endring og fanga opp nye behov. Både løyvningsnivå og prioriteringar bør difor vera gjenstand for politiske vedtak og ikkje bindast i lovs form.

Det er eit mål at lova skal medverka til å lyfta kulturområdet både når det gjeld status og økonomiske rammevilkår. Framlegget er tufta på ei avveging mellom på den eine sida behov for å påleggja fylkes-

kommunen og kommunen plikter, slik at lova skal kunna medverka til å lyfta kulturområdet, og på den andre sida behov for å ta omsyn til fleksibilitet og lokalt sjølvstyre.

Lovframlegget inneheld ikkje pålegg om spesi- fikk økonomisk oppfølging frå staten si side til kommunane og fylkeskommunane i form av øyremerkte statstilskot til kulturføremål. Statlege overføringar til kommunar og fylkeskommunar til kulturføremål inngår i dei generelle rammeoverføringane. Sidan det ikkje er aktuelt å endra rammeoverføringsprinsippet, er det heller ikkje aktuelt å forplikta staten til å gje spesifikke økonomiske garantiar for kulturverksemda. Prioritering innanfor budsjettammene er eit fylkeskommunalt og kommunalt ansvar og privilegium.

Utkastet inneheld heller ikkje særskilde reglar om tilsyn og kontroll for å sikra at fylkeskommunen og kommunen oppfyller pliktene.

Lovframlegget tek omsyn til at utforming og gjennomføring av kulturpolitikken ikkje berre handlar om tilhøvet mellom stat, fylkeskommune, kommune og kulturlivet. Med aukande grad av globalisering vert utforming og gjennomføring av kulturpolitikken utfordra av internasjonalt avtaleverk som EØS og WTO.

### 1.4.2 Merknader frå departementet i samband med høyringsrunden

Justisdepartementet har merkt seg den generelle og overordna innretninga som lovteksten har fått. Vidare seier departementet m.a.:

"Selv om lovutkastet ikke innebærer rettigheter eller plikter for innbyggerne, vil ikke Justisdepartementet fraskrive det enhver rettslig betydning. Lovutkastet vil kunne tenkes å styrke den rettslige relevans av kulturelle verdier ved forvaltningens skjønnsutøving i forskjellige sammenhenger."

Kultur- og kyrkjedepartementet sluttar seg til denne vurderinga frå Justisdepartementet.

Departementet konstaterer at det er sterk allmenn semje når det gjeld innretning og utforming av kulturlova. Så godt som alle høyringsinstansane meiner at lova er føremålstenleg for å fremja kulturverksemd. Ikkje minst er det viktig at fylkeskommunar og kommunar er så positive til lovutkastet. Dei er, saman med staten, hovudaktørar i det konkrete, politiske arbeidet med å følgja opp lova.

Ikkje uventa er det mange frå kulturlivet som etterlyser meir konkret omtale av dei ressursane som det offentlege skal stilla til rådvelde for å kunna gje substans til ei variert kulturverksemd. Fleire ønskjer at ressursbruken skal konkretiserast i lovteksten. Her har departementet frå første stund hatt ein tydeleg posisjon. Det er uaktuelt å bruka lova til å formulera konkrete eller detaljerte påbod om løyvningsnivå eller

organisatoriske løysingar. Lova slår fast det grunnleggjande ansvaret som offentlege styresmakter har for kulturverksemd. Det er dessutan konkretisert ulike typar tiltak og verkemiddel som forvaltningsnivåa kan bruka for å oppfylle intensjonane i lova. Løysingsnivå og organisatoriske løysingar høyrer derimot til dei oppgåvene som kontinuerleg må drøftast, vurderast og prioriterast i det politiske arbeidet. Det vil vera i direkte motstrid til den dynamikken og endringsviljen som ligg i kulturlivet, å bruka ei lov til å halda eit så viktig felt som kulturlivet borte frå den politiske debatten og dei politiske vurderingane som ligg til grunn for prioritering av ressursar. Samfunnet er ikkje tent med det, heller ikkje kulturlivet.

Frå kyrkjeleg hald, bl.a. frå Kyrkjerådet og nokre bispedømeråd vert det etterlyst ei meir eksplisitt omtale av kyrkja som aktør i kulturlivet på lik line med andre aktørar. Her vil departementet streka under at kulturlova sjølvstøtt er heilt livssynsnøytral når det gjeld aktørar og kulturuttrykk. Aktivitetar og kulturuttrykk som har utspring i Den norske kyrkja eller andre livssynssamfunn, er omfatta av denne lova på same måten som andre kulturaktivitetar og kulturuttrykk er det. Korleis stat, fylkeskommunar eller kommunar vel å prioritera mellom ulike aktivitetar og uttrykk, vil vera resultat av politiske avgjerder. Men ingen kulturaktivitet eller kulturuttrykk vil med tilvising til kulturlova kunna hevda å ha førerrett framfor andre.

Departementet vil visa til det som står i St.meld. nr. 26 (2003-2004) om korleis kulturpolitisk forankra tiltak kan vera med på å gje det såkalla infrastrukturkravet i Grunnlova konkret innhald. M.a. vert det vist til finansiering av institusjonar som arkiv, bibliotek og museum. Ordningar med støtte til innkjøp av litteratur er eit anna døme på korleis kulturpolitiske tiltak kan gje yringsfridomen eit konkret innhald gjennom å sikra eit mangfald av litteraturuttrykk. Dette inneber likevel ikkje at hovudmålet med kulturpolitiske tiltak er å oppfylle yringsfridom eller infrastrukturkravet i Grunnlova. Yringsfridom er ein grunnleggjande føresetnad for ein kulturpolitikk som legg vekt på at mange kulturrøyster skal koma til orde. Men hovudmåla for kulturpolitikk vil likevel vera å gje einskildpersonar og grupper høve til å uttrykkja eller oppleve alle dei emosjonelle og intellektuelle kvalitetane og utfordringane som eit levande og variert kulturliv kan by på. Dette er kvalitative aspekt som går langt utover det å føra ei open og opplyst samtale eller å distribuera meningsytringar. Kulturpolitikk har difor samfunnsmessige sider som støttar og fremjar yringsfridom, men hovudperspektivet er retta mot verdiar som femner vidare enn yringsfridom.

Departementet har i høyringsbrevet gjort det klårt at idretten ikkje skal omfattast av kulturlova.

Departementet har merkt seg innspela frå dei fylkeskommunale og kommunale aktørane om å integreras idrettsfeltet i kulturlova. Sidan det frå første stund har vore meininga å laga ei lov som ikkje omfattar idrettsfeltet, har det ikkje vore gjennomført nødvendig utgreiingsarbeid for å sjå på konsekvensane av eventuelt å la kulturlova også omfatta idrettsfeltet og friluftsliv. Det har medført at idrettsorganisasjonane heller ikkje har vore høyrde i spørsmålet. Det er difor uaktuelt for departementet å gå inn i ei realitetsvurdering av dette spørsmålet. Departementet vil såleis leggja fram lova i samsvar med dei opphavlege intensjonane.

Som del av høyringsfråsegnene om utkastet til kulturlov vert det frå museumshald teke opp spørsmålet om ei eiga museumslov. Departementet registrerer synspunkta, men går ikkje inn i ei realitetsvurdering i denne samanhengen.

Når det gjeld eventuell endring av oppgåvefordeling innanfor kulturfeltet i lys av arbeidet med regionalreforma, så vil departementet ikkje ta stilling til dette no. Når det ligg føre konklusjonar om regionalreforma, vil eventuelle konsekvensar for oppgåvefordeling verta drøfta der og då.

## 2. KOMITEENS MERKNADER

### 2.1 Hovedinnholdet i proposisjonen

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Gunn Karin Gjøl, Britt Hildeng, Espen Johnsen og Tove Karoline Knutsen, fra Sosialistisk Venstreparti, May Hansen og fra Senterpartiet, Erling Sande, viser til Soria Moria-erklæringen der det står at Regjeringen vil innføre en enkel, generell kulturlov som skal uttrykke det offentliges ansvar på kulturfeltet. En innføring av en generell kulturlov er et av flere tiltak som Regjeringen har formulert i Kulturløftet.

Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, merker seg at målet med kulturloven er å styrke kulturvirksomhet som en naturlig del av samfunns- og politikkområder, og samtidig vil en slik generell lov gi kultursektoren større tyngde og klarere status som et offentlig ansvarsområde.

Dette flertallet merker seg at loven skal være enkel og ikke komme med detaljerte føringer på bevilgninger, prioriteringer eller organisering av kulturområdet i staten, fylkeskommuner og kommuner. En kulturlov handler ikke bare om et forhold mellom stat, fylkeskommune, kommune og kulturlivet, men loven må ta opp i seg de utfordringer kulturpolitikken møter gjennom en økende grad av globalisering og internasjonale avtaleverk som EØS og WTO.

Dette flertallet merker seg at lovframlegget kan sees på som en oppfølging av UNESCO-konvensjonen fra 2005. Konvensjonens hovedmål er å sikre retten til at hvert enkelt land skal kunne føre en aktiv kultur- og mediepolitikk for å verne og fremme et mangfold av kulturuttrykk.

Dette flertallet ser at det er gjennomført en omfattende høringsrunde der over 160 instanser har kommet med synspunkter på kulturloven, og der majoriteten slutter seg til de prinsipper som ligger til grunn for lovteksten. Dette flertallet merker seg at lovens § 1 stadfester det ansvaret offentlige styresmakter har for å stimulere og legge til rette for et bredt spekter av kulturvirksomhet.

Komiteens medlem fra Kristelig Folkeparti, May-Helen Molvær Grimstad, og Venstre, Trine Skei Grande, mener formålsparagrafen (§ 1) også bør si noe om betydningen og egenverdien av kunst og kultur, ikke bare spesifisere det offentlige ansvar.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, merker seg at komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti og Venstre mener formålsparagrafen (§ 1) også bør si noe om betydningen og egenverdien av kunst og kultur og ikke bare spesifisere det offentlige ansvar. Flertallet vil bemerke at målet med innføringen av en generell kulturlov er å styrke kunstens og kulturens egenverdi og sørge for at hele kulturfeltet er en naturlig og integrert del av alle samfunns- og politikkområder. Samtidig gis kultursektoren gjennom loven en større tyngde og en klarere status som et offentlig ansvarsområde. Slik flertallet ser det, styrkes hele kulturfeltet på et overordnet plan gjennom innføringen av en generell kulturlov. Flertallet vil understreke at satsingen på bredde lokalt er grunnleggende viktig for barn og unge. Gode eksempler på det er tiltak som kulturskole, Den kulturelle skolesekken og for eksempel ungdommens kulturmønstring. Til sammen gir disse tiltakene elevene fra 6-16 år et tilbud som deltaker, utøver eller begge deler.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, merker seg videre at § 2 inneholder definisjoner av hva som kommer inn under begrepet kulturvirksomhet. §§ 3 og 4 konkretiserer statens og fortrinnsvis fylkeskommuners og kommuners bruk av virkemidler for å legge til rette for et variert kulturliv. I § 5 er det listet opp felles oppgaver for stat, fylkeskommuner og kommuner, og i § 6 slår en fast at Kongen bestemmer når kulturloven skal begynne å gjelde.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, og fra Høyre, Olemic Thommessen, mener det offentlige ansvar for kulturpolitikken først og fremst må komme til uttrykk gjennom de folkevalgte representanters løpende politiske arbeid. Disse medlemmer mener det fremlagte forslaget først og fremst må sees på som et ideologisk basert grep til fordel for dem som på prinsipielt grunnlag ønsker nærmere bindinger mellom kulturlivet og politiske myndigheter. Disse medlemmer tror ikke det fremlagte forslaget vil ha nevneverdig betydning for kulturpolitikkenes utforming, det være seg lokalt, regionalt eller nasjonalt. Disse medlemmer går derfor imot det fremlagte forslaget.

Komiteens medlem fra Venstre viser til at Venstre har programfestet at partiet vil arbeide for at det fremmes en kulturlov. Hensikten med en slik kulturlov er at den skal bidra til at de statlige kulturtiltakene sees i sammenheng gjennom forenkling og samling av dagens oppstykkede regelverk og konkretiserer de statlige kulturforpliktelsene.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti og Venstre merker seg at formålet med en kulturlov slik den er foreslått fra departementets side, er at den skal gi uttrykk for det ansvaret offentlige styresmakter har på kulturfeltet. Videre merker disse medlemmer seg at loven er svært kortfattet og enkel og ikke legger til grunn detaljerte føringer for bevilgningsnivå, prioriteringer eller organisering i forhold til forvaltningsnivå.

Komiteens medlem fra Venstre vil understreke sitt grunnleggende syn om at staten kun skal være en tilrettelegger for kulturlivet. Dette medlem mener likevel at forslaget slik det fremkommer i proposisjonen, i for liten grad bidrar til å forenkle og samle dagens oppstykkede regelverk og heller ikke konkretiserer de statlige forpliktelsene på en tilstrekkelig måte. Dette medlem er imidlertid innforstått med den avveining som må foretas i forhold til detaljeringsgrad i disse spørsmålene.

Dette medlem hadde imidlertid forventet at Regjeringen ville kommet til Stortinget med en lov som var noe mer omfattende, forpliktende og i større grad tok opp i seg andre lover på kulturfeltet, herunder relevant lovgivning vedrørende bibliotek, arkiv, museer mv. Dette medlem har blant annet merket seg at det fra museumshold er tatt opp behovet for en egen museumslov, og at departementet ikke går inn i noen realitetsvurdering vedrørende en slik lov i denne sammenheng. Dette medlem me-

ner en slik vurdering burde vært gjort, og at ønsket om en museumslov burde sees i sammenheng med en mer omfattende kulturlov slik dette medlem har tatt til orde for. Videre mener dette medlem at lovens formålsparagraf burde understreket kunsten og kulturens egenverdi, at loven burde omfattet frivilligheten, og at loven også i større grad burde berørt kommunenes ansvar for å utvikle planer for kulturaktivitet. På denne bakgrunn fremmer dette medlem følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen om å komme tilbake til Stortinget på egnet måte med supplerende lovformuleringer til en kulturlov som på en bedre måte ser kulturtiltak i sammenheng gjennom en forenkling og samling av dagens oppstykkede regelverk på feltet, og samtidig konkretiserer de statlige kulturforpliktelsene."

## **2.2 Bakgrunn for lovforslaget**

### **2.2.1 Innledning**

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, deler Regjeringens visjon om at Norge skal være en ledende kultur nasjon som skal legge vekt på kulturdimensjonen i alle deler av samfunnslivet. En målrettet satsing på kultur har også stor innvirkning på andre samfunnsområder som næringsutvikling og arbeidsplasser, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet. Målet er at 1 prosent av statsbudsjettet skal gå til kultur innen 2014.

Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, Høyre og Venstre, er klar over at det er en rekke lover som regulerer deler av kulturlivet, men at denne generelle kulturloven skal gi kultursektoren større tyngde og klarere status som offentlig ansvarsområde. Loven skal være enkel uten detaljerte føringer for bevilgninger, prioriteringer eller organisering av kulturområdet i staten, fylkeskommuner og kommuner. Når den varslede regionsreformen er endelig fastlagt, jf. St.meld. nr. 12 (2006-2007), ser dette flertallet det kan være nødvendig å revurdere deler av lovgivningen som omhandler kulturfeltet.

### **2.2.2 Internasjonale utfordringer**

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, ser at en generell kulturlov må også ta hensyn til den internasjonale dimensjonen og samtidig sikre et godt handlingsrom for en nasjonal kulturpolitikk.

## **2.3 Grunnlovsfesting av et kulturhensyn - en foreløpig vurdering**

### **2.3.1 Innledning**

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, ser at det har vært en diskusjon rundt spørsmålet om en grunnlovsfesting av kulturhensyn. Grunnlovsfesting vil være en viktig markering av hvilken betydning kulturdimensjonen har i det norske samfunnet, ikke minst overfor de internasjonale utfordringene. Departementet har i proposisjonen en generell vurdering av problemstillingen og viser til at en oppfølging av en eventuell grunnlovsfesting kan komme senere.

### **2.3.2 Problemstillinger**

Flertallet merker seg at det bør vurderes ulike problemstillinger dersom det skal utarbeides en grunnlovsendring som skal ivareta kulturhensyn. Det er problemstillinger bl.a. knyttet til det kulturpolitiske handlingsrommet i forhold til internasjonalt regelverk, språkdimensjonen i kulturpolitikken og vurdering av andre kulturpolitiske forutsetninger som allerede er i Grunnloven.

### **2.3.3 Videre oppfølging**

Flertallet merker seg at det er generell støtte til å gå videre med en utredning som mer detaljert og konkret vurderer en slik grunnlovsfesting av kulturhensyn.

Flertallet ser at flere høringsinstanser har sendt inn forslag til grunnlovsformuleringer, men departementet vil vurdere ordlyd og annet som en del av den videre prosessen og vil komme tilbake til disse spørsmålene.

## **2.4 Fremleggelse av en kulturlov**

### **2.4.1 Hovedmålet med loven**

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, merker seg at målet med en slik lov er å gi kultursektoren større tyngde og status som offentlig ansvarsområde og legge forholdene til rette slik at det kan utvikles et bredt spekter av kulturvirksomhet og et mangfold av kulturuttrykk som alle skal kunne få delta i, og at man over hele landet har rett til et likeverdig kunst- og kulturtilbud. Loven skal være generell og ikke komme med konkrete føringer.

Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, Høyre og Venstre, viser til at loven ikke må skape rammevilkår som hindrer nødvendig tilpasning til lokale forhold og kontinuerlige endringer i kultursektoren. Bevilgninger og priorite-

ringer er gjenstand for politiske vedtak og skal ikke fremmes gjennom en lov.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, vil understreke viktigheten av at det finnes kulturfaglig kompetanse i alle kommuner. Det må være en målsetting at kulturskolene blir det kulturelle ressurscenteret som beskrives i St.meld. nr. 39 (2002-2003) "Ei blot til Lyst" og at det etableres gode modeller for samhandling mellom kunnskapsaktører, myndigheter, næringsliv og kulturliv på lokalt nivå. Det frivillige organisasjonslivet er en svært sentral del av kulturlivet i Norge, og bør få medvirke i politikktutformingens løst som en naturlig samarbeidspartner.

Flertallet merker seg at det ikke er aktuelt å endre rammeoverføringsprinsippet.

#### 2.4.2 *Merknader fra departementet i forbindelse med høringsrunden*

Flertallet ser at det fra kirkelig hold har vært etterlyst en mer eksplisitt omtale av kirken som aktør i kulturlivet. Departementet understreker at kulturloven er helt livssynsnytral når det gjelder aktører og kulturuttrykk og at aktiviteter og kulturuttrykk som har utspring i Den norske kirke eller andre livssynsfunn, er omfattet av denne loven på samme måte som andre kulturaktiviteter og kulturuttrykk.

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet, merker seg Justisdepartementets høringsuttalelse:

"Selv om lovutkastet ikke innebærer rettigheter eller plikter for innbyggerne, vil ikke Justisdepartementet fraskrive det enhver rettslig betydning. Lovutkastet vil kunne tenkes å styrke den rettslige relevans av kulturelle verdier ved forvaltningens skjønnsutøvelse i forskjellige sammenhenger."

Dette flertallet ser at Kultur- og kirke departementet slutter seg til denne vurderingen fra Justisdepartementet. Videre er det verdt å merke seg at det er en sterk allmenn enighet når det gjelder innretningen og utformingen av kulturloven. Så godt som alle høringsinstanser mener at loven er viktig for å fremme kulturvirksomhet. Ikke minst er det viktig at fylkeskommuner og kommuner er så positive til lovutkastet. De er, sammen med staten, hovedaktører i det konkrete, politiske arbeidet med å følge opp loven. Dette flertallet merker seg at flere av høringsinstansene etterlyser en ressursdebatt for å kunne gi substans til kulturaktiviteter. Dette flertallet støtter departementet i at økonomiske rammebetin-

gelser og prioriteringer ikke skal lovfestes, men hører til politiske vedtak.

Dette flertallet merker seg at departementet viser til St.meld. nr. 26 (2003-2004) om hvordan kulturpolitiske forankrede tiltak kan være med på å gi infrastrukturkravet i Grunnloven et konkret innhold. Det er bl.a. vist til finansiering av institusjoner som arkiv, bibliotek og museum.

Dette flertallet merker seg at idretten ikke skal omfattes av kulturloven. Fra museumshold er det tatt opp behovet for en egen museumslov. Dette flertallet ser at departementet har registrert spørsmålene rundt en egen museumslov, men merker seg at departementet ikke går inn i noen realitetsvurdering av det nå.

### 3. FORSLAG FRA MINDRETALL

#### Forslag fra Venstre:

Stortinget ber Regjeringen om å komme tilbake til Stortinget på egnet måte med supplerende lovformuleringer til en kulturlov som på en bedre måte ser kulturtiltak i sammenheng gjennom en forenkling og samling av dagens oppstykkede regelverk på feltet, og samtidig konkretiserer de statlige kulturforpliktelsene.

### 4. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til merknadene og til proposisjonen og rår Odelstinget til å gjøre slikt

vedtak til lov

om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

#### § 1 Føremål

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

#### § 2 Definisjonar

- Med kulturverksemd meiner ein i denne lova å
- skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk,
  - verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv,
  - delta i kulturaktivitet,
  - utvikla kulturfagleg kunnskap og kompetanse.

### § 3 Statens oppgaver

Staten skal fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd over heile landet gjennom rettslege, økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak.

Staten skal utforma verkemiddel og gjennomføra tiltak for å fremja og verna eit mangfald av kulturuttrykk i samsvar med internasjonale rettar og plikter.

### § 4 Fylkeskommunens og kommunens oppgaver

Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

### § 5 Felles oppgaver

Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for

- a. at kulturlivet har føreseielege utviklingskår,
- b. å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,
- c. at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

### § 6 Ikraftsetjing

Kongen fastset når lova skal ta til å gjelda.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 7. juni 2007

**May-Helen Molvær Grimstad**

leder

**May Hansen**

ordfører